firdaposten.no

I FULL HARMONI

ANBEFALES!

VAMP “I Full Symfoni “ Major Studio/NRK

Du kan seie kva du vil om Vamp, men ein kjem ikkje unna at dette er ein glitrande plate av eit glimrande band.

Dette er ein best-of samling spela inn saman med Kringkasting-sorkestret og gjesteartistar våren 2005 på Rockefeller i Oslo, ein dokumentasjon på den samlinga av sterke låtar dei etterkvart har lagt til katalogen si.

Har du ingen plater med dei frå før kan du godt byrje med denne, men har du dei andre treng du likevel denne.

Gruppas blanding av pop, rock, visesong og irsk folkemusikk har vel sjeldan komme betre til sin rett enn her. Mellom anna “Månemannen”, “13 Humler” og “Tir N’A Noir” blir levert i sånne versjonar at ein skulle tru at dei ikkje hadde gjort anna enn å spele saman med Kringkastingsorkestret. Så godt let det.

Og det er nok ikkje tvil om at dette er ein plate som vil liggje under mange juletre i år.

Har du ingen plater med Vamp frå før er dette ein fin stad å byrje, men har du dei andre treng du likevel denne.